



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE

Klima-og miljødepartementet

Adresse: Gata 5, 4865 Åmli
Telefon: 37 18 52 00
E-post: post@amli.kommune.no
Org.nr.: 864 965 962
Bank: 2821.07.04800
Avdeling: Plan- og næringsavdelinga
Saksbeh.: Olav Vehus
Direkte tlf.: 37185215
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no
Vår ref.: 2014/235 - 52 Lnr.: 5887/2014
Dato: 12.09.2014

Lovendring motorferdsel - bruk av snøscooter for fornøyleskjøring - høringsuttale

Nedanfor følger høringsuttale frå Åmli kommunestyre i sak 109/2014.

Sidan de ønsker uttalen sendt som word-fil får ein ikkje lagt inn underskrift i partsbrevet.

Spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Olav Vehus
Skogbruksrådgjevar



Utv.saksnr:	Møtedato:	Utval:
14/109	28.08.2014	Kommunestyret

Arkivref: 2014/235 - 44
Saksbeh.: Olav Vehus, Skogbruksrådgjevar
Avdeling: Plan- og næringsavdelinga
Dir.tlf.: 37185215
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no

Saksordførar: Eivind Gangsei

Lovendring motorferdsel - bruk av snøscooter for fornøyleskjøring - høyringsuttale

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Åmli kommune har ikkje spesielle merknader til høyringsforslaget bortsett frå eit par punkt:

- Kjøretøy som skal nyttast i rekreasjonsløypene må vere tydeleg merka.
- Avtalesett, reglar og plan må vere tydelege i høve til rettar og plikter kvar enkelt aktør har.
- Grunneigarane må vere sikra at aktiviteten dei åpnar for skjer i ordna og ryddige former og at bruk i strid med avtale, reglar m.v blir tatt tak i og handtert raskt og effektivt.
- Gjennomarbeidde standard forslag med rom for ei viss lokal tilpassing ville ha vore ei god hjelp i planarbeidet og grunnlaget den kviler på.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET DEN 28.08.2014

Avrøysting:

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET DEN 28.08.2014:

Åmli kommune har ikkje spesielle merknader til høyringsforslaget bortsett frå eit par punkt:

- Kjøretøy som skal nyttast i rekreasjonsløypene må vere tydeleg merka.
- Avtalesett, reglar og plan må vere tydelege i høve til rettar og plikter kvar enkelt aktør har.
- Grunneigarane må vere sikra at aktiviteten dei åpnar for skjer i ordna og ryddige former og at bruk i strid med avtale, reglar m.v blir tatt tak i og handtert raskt og effektivt.
- Gjennomarbeidde standard forslag med rom for ei viss lokal tilpassing ville ha vore ei god hjelp i planarbeidet og grunnlaget den kviler på.

SAKSVEDLEGG GENERERT I INNKALLING:

1 Høyringsforslag - bruk av snøscooter for fornøyleseskjøring.

SAKSVEDLEGG SOM LIGG PÅ NETTSIDA:

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside www.amli.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Ingen

KORT OM SAKA:

Klima- og miljødepartementet sendte 10.07.14 forslag til endring av motorferdsellova på høyring med frist 19.09 til å gje uttale.

Forslaget er nokså likt det som var lagt som føringar i samband med forsøksordninga. Men pga innvending frå Sivilombodsmannen valte departementet å stoppe forsøket og gå vegen om lovendring.

Frå forslaget har ein saksa følgjande:

- Kommunane har ei plikt til å ta omsyn til støy og andre ulemper for friluftsliv.
- Friluftsområda der løypene er planlagt skal kartleggast og verdsetjast
- Kommunane pliktar å vurdere mogeleg skredfare i løypetraseane
- Kommunane skal i forskrift gje reglar om bruk av løypene, medrekna kjørefart og kjøretider
- Det kan fastsetjast krav om brukarbetaling til dekning av kostnader for drift av løypene
- Fornøyleseskjøring skal berre føregå i faste løyper. Det er ikkje høve til å åpne for fri køyring utanom løypene.
- Kommunen har inga plikt til å etablere løyper for rekreasjonskøyring, og kan heller ikkje pålegge privat aktør å fremje plan eller dekke kostnadene ved ein slik
- Heimelsgrunnet er motorferdsellova og tilhøyrande forskrift, men plan- og bygningslovas reglar for planbehandling skal følgast
- Kommunen bør fastsetje ei øvre grense for køyreavstand ut frå løypene på 30 m for resting t.d
- Kommunen har det overordna ansvaret for at løypene er tilstrekkeleg merka
- Kommunen må innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar til å legge løyper før vedtak om etablering av løyper blir gjort.
- Kommunen vil truleg kunne avgrense talet på brukarar av løypene
- Kommunen vil truleg kunne avgrense bruken til berre å gjelde private aktørar
- Departementet ber om innspel på innføring av tekniske krav ut over kjøretøysforskrifta
- Departementet vil vurdere kontroll- og sanksjonsordningar, men kjem ikkje med konkrete forslag i høyringa.
- Oppsyn vil skje i samarbeid mellom politiet og Statens naturoppsyn
- Kostnadene ved planlegging må kommunen sjølv dekke innanfor budsjetttrammene sine.

MERKNADER/VURDERING:

Mykje av det som ligg i endringsforslaget er kjent frå tidlegare, men nokre punkt er kome tydelegare fram i forslaget som ligg føre.

I tillegg til å bere kostnadene med sjølve planarbeidet har kommunen eit overordna ansvar for bl. a merking av løypene. Dette tilseier at det som blir gjort av førearbeid må vere gjennomarbeidd og solid forankra – alt frå avtalene med grunneigarane og dei som tek på seg å drive og vedlikehalde løypenettet.

Ein vil avgrense uttalen til å gjelde 4. og 3. siste kulepunkt.

Når det gjeld tekniske krav (4. siste kulepunkt), vil i første rekke oppsynet vere dei rette til å meine noko om det. Men det bør vere eit krav at kjøretøy som skal nyttast i rekreasjonsløypene er påført tydelege kjennemerke.

Oppsynet må og skal drive kontroll, og kommunen har hatt eit godt samarbeid med politiet. Det går m.a på vilkår knytt til løyve slik at det blir praktisk mogeleg å handheve dei og rapportering frå kontrollar som oppsynet har vore ute på.

Når dispensasjonssøknader blir innvilga er det knytt vilkår til løyvet. Eit av dei er at køyring i strid med løyvet vil kunne føre til inndraging i kortare eller lengre tid. Det er ikkje blitt brukt, fordi dei som har blitt stoppa i kontroll ikkje har hatt løyve i det heile.

For å få køyring i rekreasjonsløyper inn i ordna og ryddige former er det avgjerande å ha klare og eintydige reglar for bruken av løypene og effektive og handterbare reaksjonsformer. Både grunneigarar som gjev løyve til å legge løyper over eigedommen sin, mannskapet som skal drive og vedlikehalde løypene, publikum som brukar dei, andre brukarar av tilgrensande friluftsområde og endeleg kommunen som sit med overordna ansvar for løypene og dekkjer plankostnadene – alle er i lengda tent med at bruken skjer på fornuftig og forsvarleg vis.

Sidan avtalene med grunneigarar må vere på plass før plan og bestemmelsar knytt til den kan vedtakast, tenker ein at rettar og plikter, reaksjon ved brot på reglar, varighet av samtykke, kva som skal til for å kunne seie opp avtale – alt dette bør vere mest mogeleg avklart i ein tidleg fase. Viss ikkje risikerer ein at det blir ulike variantar av inngåtte avtaler, vanskar med handheving og at planen raknar heilt eller delvis.

Som utgangspunkt kunne ein derfor ønskt ein mal for avtale med grunneigarar, og at ein også hadde lista opp mogeleg reaksjonsformer ved avvik i høve til reglar for bruk og køyring i løypene. For at reaksjonen på brot skal bli oppfatta mest mogeleg rettferdig, er det avgjerande med samarbeid mellom oppsyn, driftsorganisasjon og kommune slik at reaksjonen står i rimeleg forhold til avviket.

Ønsket frå grunneigarsida om å kunne avgrense bruken av løypene til berre å gjelde for kommunens innbyggjarar er mellom anna grunngjeve med at det vil ligge ein strengare sjølvjustis i dette. Dei som har oppført seg slik at det er til ulempe eller skade for andre vil oftare møte på dei skadelidne i nærmiljøet, og i tillegg dei som stiller seg på deira side. Utanbygdsbuande treng ikkje gå spissrotgang i same grad. Dette er ein viktig årsak til at det trengst gjennomarbeidde avtalesett og planverk med tilhøyrande reaksjonsformer om det skulle bli nødvendig å bruke slike.

Når lovendringa vidareopnar for å etablere løyper på meir permanent basis bygger det oså opp under behovet for godt gjennomarbeidde avtaler, plan og reglar. Det vil sitje lengre inne hjå grunneigarane å gje samtykke til å legge rekreasjonsløyper over eigedommane deira når det vil gjelde for ein lengre periode samanlikna om det berre hadde vore for 3-4 år.

Slik sett hadde det vore nytteleg å køyrt eit forsøk i førevegen for å hauste ein del røynsler. Nå må kommunane i staden prøve dette ut i storskala så sant lovendringa blir vedtatt og kommunane deretter veljer å gå for dette.

Då forsøket vart sett i gang, tok fylkesmannen i Vest-Agder initiativ og inviterte forsøkskommunane i Aust-Agder saman med forsøkskommunane i eige fylke for å danne ein felles møteplass og bygge nettverk for å kunne dra gjensidig nytte av kvarandre. Måten dei tenkte og handla på kan med fordel kopierast av andre.